



FRUKTLAGERINSPEKTØREN – Fruktprognose pr. 1. september 2013.

Tal som er henta inn frå fruktlager og omsetningsledd, viser at me framleis kan venta eit ganske godt år for plomme med eit kvantum på vel 1 200 tonn. Kvantumet er redusert litt i høve til tidlegare prognoser fordi det viser seg at plommestorleiken på dei plommene som har blitt hausta, er noko mindre enn normalt. Moglege årsaker til at plommene har blitt litt småfalne, kan vera at trea er noko svekka etter den strenge vinteren og eller at tørken har verka inn.

Eplekvantumet har også blitt redusert med ca 80 tonn sidan forrige prognose og viser nå at ein kan venta vel 7 000 tonn eple klasse 1 til konsum. Det er spesielt på sorten Summerred at det er nedgang. Epleavlinga er ganske god på Austlandet, men omtrent lik eller mindre enn i fjor på Vestlandet. Det viser seg også på eple at ein kan venta ein del småfallen frukt. Bløminga starta seint dette året, men godt vær utover i juli månad har hjelpt godt på utviklinga i dei fleste dyrkingsområda.

For pærekvantumet blir 2013 det dårlegaste år som er registrert med eit prognosert kvantum på 126 tonn.

Plommeprognose pr. 1. september 2013.

Dei siste tala viser at me framleis kan venta ei avling på vel 1 200 tonn plommer i år, og at det i så fall kan bety den høgaste avling som er registrert i seinare tid. Men også i 2009 og 2010 vart det levert over 1 000 tonn plomme til konsum, og med dei signal som har komme frå marknaden om alt for lite plommer har det vore ynskjeleg å auke kvantumet.

Tabellen viser kvantum mottatt pr. 31 august og prognose i tonn pr. sort og veke for 2013:

Plomme	Mottatt pr 31. august	Prognose pr uke					Sum
		36	37	38	39	40	
Edda	46	5	0	0	0	0	51
Opal	217	61	4	0	0	0	282
Mallard	13	89	118	54	0	0	273
Reeves	0	13	77	80	37	5	212
Avalon	1	10	23	12	5	0	51
Excalibur	0	4	18	18	9	5	54
Victoria	0	3	39	61	22	1	126
Jubileum	0	1	39	79	24	2	146
Andre sortar	3	3	1	10	10	1	28
Sum plomme	279	188	320	314	107	14	1 223

OVERSYN FOR ÅRA 2007/2013 - PLOMMER

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Prog. pr. 1. sept.2013
Edda	43	47	61	79	49	32	51
Opal	260	274	296	227	181	211	282
Mallard	198	218	187	210	228	155	273
Reeves	53	45	100	115	59	148	212
Avalon	12		10	37	61	29	51
Exalibur	16	24	23	62	117	78	54
Victoria	287	233	214	152	43	27	126
Jubileum	96	94	149	154	162	75	146
Andre sorter	15	8	11	5	23	64	28
SUM	980	943	1053	1039	922	818	1 223
Levert kl 1 til fabrikk	23	17					

Kommentar til plommeprognose pr. 1. sep. 2013

Dei største sortane er framleis dei gode gamle og kjente sortane Opal og Mallard med nyare sortar som Jubileum og Reeves som dei neste i kvantum.

Tabellen viser prognosen regionvis

Plomme	August	36	37	38	39	40	Sum
Sogn og Fjordane	51	23	56	64	30	5	229
Hordaland og Ryfylke	166	120	165	174	63	9	697
Telemark	28	21	37	21	3	0	110
Buskerud/Vestfold	34	24	62	55	11	0	186
Sum	279	188	320	314	107	14	1 223

Pæreprognose 2013:

Tabellen viser prognosert kvantum for 2013 samanlikna med tidlegare år. Pærekvantumet ser ut til å bli det lågaste som er registrert. Det viser seg å ta tid å få opp pærekvantumet.

	2008		2009		2010		2011	2012	Prog-nose 2013
	Fab-rikk	Kon-sum	Fab-rikk	Kon-sum	Fab-rikk	Konsum	Konsum		
Clara Frijs		32		41	3	30	26	39	34
Amanlis	6	5	4	1				0	
Moltke	66	79	70	66	4	51	40	21	13
Philip	74	67	87	61	6	53	34	13	10
Ingeborg		34		68	1	65	83	86	61
Gråpære				1		1		2	
Herzogin Elsa		10		19		5	6	7	7
Andre sortar		8		9		1	1	3	2
SUM Pærer	146	235	161	266	14	206	191	170	126

Epleprognose 2013.

Tonn, EPLE KL 1.

	2008	2009	2010	2011	2012	Prognose 2013	
	Konsum	Konsum	Konsum	Konsum	Konsum	01.aug	01.sep
Geneva Early	150	43	75	38	42	82	114
Vista Bella	108	138	125	103	127	126	110
Julyred	356	187	309	277	202	333	301
Caroll	100	74	70	80	67	75	65
Andre tidl.sortar	79	69	76	45	31	18	23
R.Prins/Kronprins	315	318	191	173	162	173	165
Discovery	738	687	772	449	756	899	904
Katja	31	28	46	38	21	41	41
Sunrise	3	5	10	13	40	36	36
Summerred	1 485	1363	1127	1019	1 411	1 416	1 359
Gravenstein	33	25	4	4	0	0	14
Gravenstein,Raud	1 342	1316	860	677	548	806	824
Åkerø	382	263	316	169	217	236	218
Delcorf	3	7	11	20	38	32	32
Aroma	2 183	1018	1410	1020	920	1 267	1 269
Aroma, Raud	1 307	973	1319	921	977	1 372	1 378
Lobo	199	134	108	89	65	87	82
I.Marie- K.Schneider	192	115	118	54	89	66	65
Elstar	42	34	26	18	41	39	34
Andre sortar	63	54	55	48	127	36	24
SUM EPLE	9 111	6 851	7 028	5 254	5 881	7 139	7 056

I 2012 vart det registrert eit kvantum på i underkant av 6 000 tonn eple til konsum. Den siste innmeldinga viser at me i år kan venta ei avling på ca 7 050 tonn. Samanlikna med prognosen frå 1. august er det ein liten nedgang på ca 80 tonn. Sorten Summerred har størst reduksjon. Som for plumme ser det ut til at vekståret gir ein del småfallen frukt

I eit historisk perspektiv på 10 år, er avlinga i år ikkje spesielt stor, men omtrent som ei middels epleavling av slik det har vore dei siste åra. På Vestlandet blir det prognosert med eit kvantum som til dels er mindre enn eller omtrent som ifjor, medan ein på Austlandet ventar ein god del høgare kvantum enn i fjor. I fjor måtte ein god del av epla på Austlandet leverast til industri pga. ytre feil. Det er av sortane Raud Gravenstein og Aroma at det er spesielt høgare avling i år enn i fjor. Det er også prognosert noko høgare kvantum av dei tidlege sortane enn ifjor.

Etter ein sein vår har ettersommarene og hausten gitt mykje fint ver med sol, og det bør bety god utvikling og god kvalitet på epla.

Stavanger 5. sept. 2013

Bjørn Eidhammer